

Furusjøen Rundt-løpet 1966

Fjellløp/skogsløp "Furusjøen Rundt".

Kvam Idrettslag, isamarbeid med Rondablikk Høgfjellshotell, innbyr med dette til "Furusjøen Rundt" søndag den 11. september 1966.

Start frå Rondablikk Høgfjellshotell kl. 13.00, opprop og utdeling av startnummer kl. 13.30. Her er det og garderobe og dusj for deltakarane.

Løypa som er ca 16 km går i småkupert terreng rundt den kjende og sernerkte Furusjøen somaligg i eit av dei vakraste stroka i Rondane. Løypa går på gode skogs- og fjellstigar i pent lende.

Inn til Rondablikk er det god bilveg frå KVAM, eller vil Kvam LL ordna med transport for dei som kjem med tog eller buss til Kvam st. Denne transporten vil gå frå Kvam kl 10.30 løpsdagen.

På Rondablikk er det høve til overnatting for dei som kjem laurdag føre løpet. Her blir det skatte billeg overnatting og servering for dei som ynskjer det.

Det vert vanleg premiering og det vert denne klasseinndelinga: Vanleg kl. A, B, D, og E.

Billers vert det to turklasser nemleg 20-35 år og over 35 år.

Alle må ved oppropet sjna fram gyldige legeskort.

Påmelding og startkontigent kr. 10,- må sendast til skolestyrar Arve Byrlekken, Kvam st. innan mandag den 5. september.

I løpet er og innlagt Fronsmeisterskapet i skogsløp og Frøningar som vil vera med å kjempa om premiane her betaler inn kr. 5,- i tillegg til den vanlege kontingenten.

"Furusjøen Rundt" er oppe for alle anten dei er toppidrettsfolk, eller driv dei ein kallar morsjonsidrett. Her vil dei finna ei tevlingssklasse der dei kan treffa idrettsutøvarar av den kategorien dei sjelve er. Om du vil ta turen berre som ein tur, sjtja deg ned og nytta dette vakre landskapet, ja, du er like velkomen. Midtvege i løpet kan du få forfriskningar på ein matstasjon.

Kom ihug at du seier frå i påmeldinga om du treng transport frå Bygda og opp på fjellet, om du skal ha overnatting, bevertning m.v.

Som ein kuriositet kan vi til slutt nemna at "Furusjøen Rundt" blir arrangert som tvrlangrenn til vinteren.

Vi ynskjer så alle hjartleg velkomne til ein fin fjelltur.

For Kvam Idrettslag

Arve Byrlekken
Arve Byrlekken